



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vestnes kommune.

SalMar Genetics AS. Søknad om løyve til uttak av vatn frå Reistadelva.

Søknaden gjeld løyve til uttak av vatn til landbasert oppdrett. Verksemda nyttar vatnet til stamfisk- og rognproduksjon av laks. Det har vore uttak av vatn i Reistadelva sidan 1983, men uttaket har ikkje tidlegare vore behandla etter vassressurslova. SalMar Genetics AS planlegg utviding av produksjonen og søker difor om konsesjonshandsaming av eksisterande vassuttak.

Maksimalt vassuttak er oppgitt å vere 150 l/s. Dette er 21 % av middelvassføringa i eit normalår som er oppgitt å vere 719 l/s (500 l/s i eit tørrår). Det er søkt om slepp av minstevassføring på 24 l/s. Alminneleg lågvassføring er oppgitt å vere 90 l/s (lik 5-persentil sommar/vinter). Vassuttaket skal ikkje vere større enn gjeldande vassforbruk.

Inntaket ligg på kote 20, om lag 110 m frå utløpet i Romsdalsfjorden. Søknaden inneber ikkje endring av eksisterande vassinntak eller andre inngrep i vassdraget.

NVE ber Statsforvaltaren legge vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna biologisk mangfald, og vurdere tiltaket opp mot sektorlovverket.

Merknader

Biologisk mangfald

Vi kjenner ikkje til registrere naturverdiar i tiltaksområdet (jf. Naturbase, Artskart). I sjøen utanfor utløpet av Reistadelva vart det i 2019 registrert ein marin naturtype av viktig verdi: *Større tareskogførekomst*, med utforming *Tareskog med kun stortare*. Vi kan ikkje sjå at vassuttaket i elva vil påverke denne isolert sett.

Parallelt med søknaden om vassuttak er det også starta opp detaljregulering for utvikling av næringsområdet. Dette inneber også utfylling i sjø. Problemstillingar knytt til naturtypen og Reistadelva som anadrom (laks- og sjøareførande) strekning, er også kommentert i vår fråsegn 16.10.2020 ved oppstart av planarbeidet.

Fisk/ferskvassøkologi

Reistadelva er i utgangspunktet laks- og sjøaureførende. Den er foreløpig ikkje kartlagt i det pågåande sjøaureprosjektet og det er heller ikkje levert fangststatistikk frå vassdraget. Det er generelt viktig at også mindre anadrome vassdrag ikkje blir utsett for påverknader som reduserer tilhøva. Ikkje minst i ei tid da særleg situasjonen for sjøauren er alvorleg.

Vassdraget er m.a. omtalt i *Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal. Rapport nr. 1-1992 Fylkesmannen i Møre og Romsdal*. Elva vart undersøkt i 1989: *Elva må karakteriserast som en liten flompreget vestlandselv. Vassdraget må vidare karakteriseres som et lavlandsvassdrag....I nedslagsfeltet ligger det få vatn av nevneverdig størrelse. Elva er laks- og sjøaureførende ca. 1 km.*

I samband med søknaden har Rådgivende Biologer AS (2020) gjort habitatvurdering og ungfiskundersøkingar. Under deira synfaring vart anadrom strekning vurdert til potensielt å vere 3,4 km, men med to temporære vandringshinder innanfor elvas nedste kilometer. Den midtre del av anadrom strekning kan ha gode oppvekstforhold for småfisk og parti med eigna gytetilhøve. Nedre og øvre del har stryk som går over i parti med grov stein og blokk. Resultatet frå fiskeundersøkingane både i 1989 og 2020 tyder på at laks i elva er minimal/fråverande og det også er svært lite sjøaure. Dei registrerte tettleikane tilsvarar «dårleg» tilstand i Direktoratgruppa for Vanndirektivet 2018 (Veileder 02:2018. Klassifisering av miljøtilstanden i vann). Undersøkingane er gjort etter at oppdrettsanlegget begynte å ta ut vatn i 1983. Det ligg derfor ein viss usikkerheit i korleis naturtilstanden i vassdraget har vore tidlegare, men vi har ikkje grunnlag for å seie at tilstanden var vesentleg annleis før dette. I rapporten går det fram at det er oppmura ein terskel i samband med vassinntaket, men at denne er utforma slik at den ikkje hindrar opp- eller nedvandring av fisk.

Eit viktig forhold for økologien i vassdraget er restvassføringa etter inntaket. Eit gjennomsnittleg vassuttak over året på 21 % av middelvassføringa vil neppe påverke vandringstilhøva for fisk. Vi er likevel litt i tvil om minstevassføringa vil vere tilstrekkeleg i enkelte periodar i eit tørrår. I søknaden Tabell 2 er det vist ei oversikt over vassressursen og vassbehovet i eit tørrår. Slik vi les denne vil det i slike år vere ei utfordring med nok vatn i januar, februar og juli, under føresetnad at det også skal sleppast minstevassføring. Det går m.a. fram at stamfiskavdelinga i dag kan klare seg med ned til 100 l/s i periodar. Dette er likevel meir enn middel vassføring i februar i eit slikt tørrår. Det er viktig at produksjonen er tilpassa til ein kva tid tilgjengeleg vatn og at det blir tatt høgde for uføresette hendingar som tørrår, leveringsvanskar m.m. Vi har i andre tilfelle registrert at det har blitt behov for å søke om unntak frå m.a. slepp av minstevassføring i periodar pga. av vassmangel. Slikt er klart uheldig. Det er derfor naudsynt at bedrifta har beredskapsplanar og også kan dokumentere vassparande tiltak.

Vi registrerer at det i søknaden kap. 2.2.9 er vist til at anlegget i naudsituasjonar kan klare seg med ned mot 8,3 l/s uansett tid på året.

Vurdering etter vassforskrifta

I Vann-nett er Reistadelva (102-21-R) vist med god økologisk tilstand. Rådgivende Biologer AS skriv at tettleik av ungfisk tilsvarar dårleg tilstand i klassifiseringssystemet for vassforskrifta. Dette skulle vore lagt inn i Vann-Nett. (Normalt har oppdragsgivar/konsulent ansvar for at dette blir gjort). Økologisk tilstand må sannsynlegvis nedklassifiserast. Det er derfor truleg behov for tiltak dersom målet om god økologisk tilstand skal nåast. Eventuelt er ikkje målet oppnåeleg. Dette må vurderast nærare uavhengig av søknaden.

Dei registrerte påverknadene er vassuttak for fiskeoppdrett og uttak for drikkevassforsyning. Desse er i Vann-Nett omtalt som liten grad av påverknad på vassdraget. Sidan det omsøkte tiltaket er ei formalisering av eit eksisterande vassuttak kan vi ikkje sjå at dette i seg sjølv vil føre til ei ytterlegare svekking av vassførekomsten. Men som nemnt over kjenner vi ikkje naturtilstanden i elva før vassuttak til drikkevatt og akvakultur.

Vurdering etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag

Tiltaket har eksistert sidan 1983. Vi finn det derfor ikkje naudsynt å gjere særskilt behandling etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag i tillegg til konsesjonsbehandlinga etter vassressurslova.

Vurdering etter forureiningslova

Vi finn ikkje at tiltaket er av slik karakter at det trengst særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Statsforvaltaren ser positivt på at det eksisterande vassuttaket no blir behandla etter vassressurslova.

Det er lagt opp til eit gjennomsnittleg vassuttak over året på 21 % av middelvassføringa. Dette vil neppe påverke vandringstilhøva for fisk eller naturtilhøva elles i vassdraget. Vi er likevel noko i tvil om minstevassføringa vil vere tilstrekkeleg i enkelte periodar i eit tørrår. Det er derfor viktig at produksjonen er tilpassa til ein kva tid tilgjengeleg vatn og at det blir tatt høgde for uføresette hendingar som tørrår, leveringsvanskar m.m. Det vil derfor vere naudsynt at bedrifta har beredskapsplanar og også kan dokumentere vassparande tiltak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:
VESTNES KOMMUNE
Møre og Romsdal
fylkeskommune

Rådhuset Brugata 10 6390 VESTNES
Fylkeshuset 6404 Molde